



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv

---

Til samtlege departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
8/2002

Vår ref  
02/3546 C TT/mk

Dato  
02.10.2002

- 1

### Statsbudsjettet medrekna folketrygda 2002. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – ny saldering

Retningslinjene for statsbudsjettet 2002 inneber at forslag til større endringar på inntekts- og utgiftssida skal gjerast i to rundar, ein om våren og ein om hausten. Saman med forslag frå fagdepartementa om heilt nødvendige utgiftsauker eller reduksjonar av inntekter, skal det fremjast forslag om tilsvarende realistisk inndekking på eige budsjett, før saka blir lagt fram for Regjeringa. Forslag om auka utgifter og reduksjonar av inntekter som vert fremja utan inndekking vil derfor som hovudregel bli avviste.

I tråd med desse retningslinjene vil Finansdepartementet leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar i haustsesjonen i 2002.

Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn berre forslag til tilleggsøyvingar for 2002 som det er strengt nødvendig at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Fagdepartementa bør også sende inn saker om overskridelse av mindre omfang som normalt kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon. Finansdepartementet ber vidare om at fagdepartementa også legg ved oversikt over tilfeller der det kan vere nødvendig å sette ned årsløyvinga for å tilpasse løyvinga til kravet om realistisk budsjettering.

Vi gjer merksam på brevet av 6. september 1996 frå Finansdepartementet til alle departement om Riksrevisjonen sin rapport om manglande utnytting av gitte løyvingar i 1994, der Riksrevisjonen stiller krav om meir realistisk budsjettering i forhold til behovet for å dekkje utbetalingar i løpande termin.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 23. oktober 2002.

Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar oppgitt i 1000 kroner:

- Rekneskap 2001
- Saldert budsjett 2002 + tilleggsøyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2002


I Tillegg til Hovedbudsjettsskriv for 2003 datert 14.06.02 vert departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsøyvingar for 2. halvår 2002 innan 16. august. Finansdepartementet har brukt desse opplysningane som grunnlag for overslag på rekneskap for Gul Bok 2003 og Nasjonalbudsjettet 2003. Finansdepartementet vil understreke at det ikkje er tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare, for at Regjeringa skal handsame forslaga. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå.


I dei tilfella departementa vanlegvis legg fram omgrupperingsproposisjonar, er det ikkje nødvendig å gjere greie for alle endringsforslaga i detalj. Det må gjerast greie for netto meirutgifter/mindreutgifter som blir foreslått og for større opp- og nedjusteringar.

Etter at Regjeringa har handsama den samla oversikta over tilleggsøyvingar, må departementa fremme eigne proposisjonar med dei forslaga som er vorte godtekne. Fristen for å leggje fram slike proposisjonar er 15. november 2002.

Stortinget gav Regjeringa to ulike innsparingsfullmakter ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2002. Departementa skulle spare inn utgifter for i alt 103 mill. kroner, fordelt på ein innsparingsfullmakt på 84 mill. kroner og ein innsparingsfullmakt på 19 mill. kroner. Regjeringa har vedteke utgiftsreduksjon for kvart departement. Kvart departement må derfor spesifisera innsparinga på kapittel, post og underpost for kvar av fullmaktene. Forslag til fordeling må sendast til Finansdepartementet innan 23. oktober 2002. I forslaget må det framgå korleis departementa skal føreta sin del av innsparinga for kvar av fullmaktene. Den samla innsparinga vil bli forklart i nysalderingsproposisjonen.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2002 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 29. november 2002.

Med helsing  
  
Espen Aasen  
avdelingsdirektør

  
Trond Tørstad  
rådgjevar